

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Søknad om dispensasjon - Nybygg på gbnr 65/1 og 67/15 - Norafjordvegen 393 - Bustad og garasje Magnar Munch - Tuft

Vi syner til vedlagd søknad, også summert her:

BE-Con AS søker på vegne av Magnar Munch-Tuft om dispensasjon frå to tilhøve i arealdel til kommuneplanen, samt plan- og bygningslova § 1-8 Forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag. Det vert søkt om dispensasjon for å føre opp ei garasje på g/bnr. 67/15 og gjenoppføring av bustad på g/bnr. 65/1. Dei aktuelle eigedommane er ikkje regulert i dag og det er difor dei overordna føremåla i arealdel til kommuneplanen som er gjeldande her.

Den aktuelle eigedomen for oppføring av garasje er i arealdel til kommuneplanen regulert til bustad. Tiltaket er i utgangspunktet i samsvar med bustadføremålet i arealdelen. Sidan eigedomen ikkje er regulert har kommunen tidlegare opplyst søkjar at storleik for garasje vert praktisert fastsett gjennom § 3-1 b) spreidd bustadbygging, pkt. 5 i arealdelen. I denne føresegna er det lagt til grunn maksimal storleik for garasje med BYA 50 m² og BRA 70 m². Det vert no søkt om dispensasjon for å bygge ei garasje med BYA 70 m² og BRA 62,2 m². Søkjar grunnjev dispensasjonen med at garasjen berre vert oppført i eitt plan, i staden for 2, noko som leiur til ein lågare bygning og meir anvendeleg bruk ettersom det vert meir areal på inngangsplanet.

Den aktuelle eigedommen for gjenoppføring av bustad er i arealdel til kommuneplanen regulert til LNF-føremål. Bustaden er tenkt plassert mellom to landbruksbygningar på eigedomen, på same stad som opphavelig hus stod, før det brant ned. Søkjar ser ikkje at dette tiltaket vil legge nokon føringar for landbruksdrifta, byggeforbodet i strandsona eller drifta av rv. 55.

Begge tiltak kjem også innanfor pbl § 1-8 Forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag og veglova § 29 om avstand til veg. Statens vegvesen har gjeve begge tiltaka dispensasjon frå veglova § 29.

Med omsyn til at rv. 55 delar av strandlinja og tiltaksområdet vurderer vi at ein dispensasjon frå § 1-8 vil vere kurrant. Jamfør vedlagde notat vurderer vi derimot å ikkje kunne tilrå ein dispensasjon frå LNF-føremålet for oppføring av bustad.

Vi ber om vurdering frå Fylkesmannen på dispensasjon frå høvesvis pbl § 1-8 og LNF-føremålet i arealdel til kommuneplanen. Vi ber vidare om dykkar uttale innan 09.11.2018.

Med helsing

Cornelis Erstad
tenesteleiar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg: Søknad om dispensasjon, dagsett 27.08.2018
Notat frå landbrukssjef om dispensasjon frå LNF-føremål